

BJØRKEDAL KYSTLAG ÅRSMELDING 2009

STYRET:

Tove Aurdal Hjellnes, leiar
Ståle Mek, nestleiar
Jørn Olav Løset, webredaktør
Nils Olav Skuset, kasserar
Ottar Bjørkedal, styremedlem

Erlend Helset, 1. vara
Inge Vinjevoll, 2. vara
Erling Bjørkedal, 4. vara

VALNEMND: Sivert Bjørkedal, Dag Inge Bjørkedal og Olav Eidseflot

REVISOR: Olav Eidseflot

MØTER:

Årsmøtet vart avvikla i Jakobsskotet laurdag 25.april 2009.
Styret har hatt to styremøter og elles diskutert saker via e-post.

AKTIVITET:

Årsmøtefesten i Jakobsskotet samla 35 stykker. Arne kokte klippfisk.
Vi deltok med eit damelag i vikingskip på Båtfestivalen på Eid 23. mai.
Dugnad og planlegging i Båtsamlingane 26. mai.
Kystlagsdag i Båtsamlingane 6. juni. Taktekking av Stårheimløda.

Den store hendinga i 2009 var at Sigurd Bjørkedal vart tildelt Kongens forteneestemedalje i sølv. Dette vart markert med eit stort arrangement i Jakobsskotet laurdag 21. nov. Ordføraren i Volda sto for tildelinga. Leiaren i Forbundet Kysten, Arne Andreassen og professor emeritus Arne Emil Christensen var tilstades.

NORDLYS

Slipping på Borgstein Marina i Ulsteivik 26.04-16.05. Propellen vart tatt ut og reparert. Ein skade på akterdekket vart reparert. Skutesidene vart smurt og vi fekk på nytt botnstoff.
Vi hadde dugnad/fisketurar kvar måndag frå midt i mai og til hausten kom.
Deltok på trebåtfestivalen i Ulsteinvik 13.-16. august.
Tur til Aarsetøya 7. september, 28 stykker.
Tur til Dalsfjorden/Fyrmuseet 13. september (kulturminnedagen), 17 stk.

Mange har også dette året gjort ein stor innsats for å reparere og halde båten i drift, ikkje minst i samband med slippinga. Nemnast spesielt må likevel Geir Vatne, som i all slags ver og i periodar kvar dag, har jobba på båten. Som oftast har han vore åleine, og han ga ikkje opp sjølv om det vart vinter og kaldt.

MEDLEMSUTVIKLING

Vi hadde 76 medlemmar ved årsskiftet. Geografisk fordeler medlemmane seg no slik:

Bjørkedalen: 22	Volda: 26
Straumshamn: 5	Ørsta: 5
Folkestad: 3	Sogn og Fjordane: 4
Dalsbygda: 1	Andre stadar: 10

Volda 19.04.09

Tove Aurdal Hjellnes
Ståle Mek
Jørn Olav Løset
Nils Ola Skuset
Ottar Bjørkedal